

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 18.09.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen
SAKA GJELD: **Prosess for handtering av store hendingar**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **021/19 Administrerende direktør sin orientering, pkt. 3**

STYREMØTE: **01.10.2019**

Oppsummering

SAV har gjennom arbeid med leiing og kvalitetsforbetring identifisert behov for ein prosess som gjer retning for korleis varsling, handtering og oppfølging av alvorlege hendingar skal vere i føretaket. Prosess er utarbeidd med utgangspunkt i beste praksis frå apotek og føretaksadministrasjon. Prosessen skildrar flyt for varsling, vurdering, analyse og oppfølging av store avvik. Det er i tillegg utarbeidd malverk for analyseprosessen og rapportar. Prosessen er relevant for alle medarbeidarar i føretaket og utfyllar eksisterande avviksprosess og beredskapsprosess.

Fakta


Føretaket arbeider systematisk med oppfølging av krav i forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring (sjå styresak 45/18). Systematisk arbeid med å førebyggje avvik og alvorlige hendingar er høgt prioritert. Gjennom arbeid med kvalitetsforbetring er det identifisert behov for ein prosess som viser arbeidsflyt og gjer støtte til handtering av alvorlege hendingar eller nesten-hendingar.

Føretaket har utarbeidd prosess som fastset krav til klassifisering og varsling av hendingar av alvorleg karakter og som har stor påverknad drift, under dette mellom anna pasienttryggleik, HMS, IKT, ytre miljø og kvalitet. I tillegg retningslinjer for korleis SAV skal gjennomføre analyser av hendingar for 1) Å finne rotårsak, 2) Førebyggje liknande hendingar og 3) Sikre erfaringsdeling og -overføring.

Arbeidsflyt er utarbeidd med utgangspunkt i beste praksis frå kvart apotek etter handtering av store hendingar siste to år.

Proessen kan delast inn i 3 hovuddelar; varsling og vurdering, analyse og rapportering og til slutt oppfølging av tiltak og erfaringsdeling. Proessen har og kopling til beredskapsproessar.

Figur 1: Proessflyt



Viktige dokument tilhørende prosessen:

- Vurderingsskjema for klassifisering av hending
- Tidslinje og krav til varsling
- Mal for undersøkning av hendingar
 - Alvorleg hending
 - Mindre alvorleg hending

Kommentar

Proessen har vore på høyring i organisasjonen og er publisert i SAVvy. Implementeringsdato er sett til 1.november. Opplæring i bruk av metodikk er del av SAV kompetanseplan 2019. Synergi skal nyttast å dokumentere føretaksintern erfaringsdeling.